

Årsmelding 2024  
Vaksdal

---

## Politisk organisering



Hege Eide Vik, ordfører 2023-2027

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen.

Det vert vald direkte av innbyggjarane for fire år om gongen. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen i alle saker der vedtaksmyndet ikkje er delegert vidare til andre. Kommunestyret er leia av ordføraren, med varaordføraren som stadfortredar.

Kommunestyret vel formannskap mellom medlemmene i kommunestyret, ordfører og varaordfører. Kommunestyret kan opprette og legge ned faste utval og fastset sjølv arbeids- og ansvarsområde for slike utval. Alle saker som er av prinsipiell natur skal avgjerast av kommunestyret sjølv. Dette gjeld m.a. budsjett, økonomiplan og overordna planar for den kommunale verksemda.

### Kommunestyret 2023-2027



Hege Eide Vik (SP), ordfører

Kjartan Haugsnes (SV) varaordfører

Thor Andersen (AP)

Britt Brudvik (AP)

Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP)

Ole- Anders Brekklus (AP)

Boris Groth (FRP)

Trygve Jacobsen (FRP)

Erlend Hesjedal- Johannessen (H)

Amalie Johnsen Lunde (H)

Trond Olav Magnussen (H)

Lars Bjarte Nesheim (KRF)

Ivar Rødland Bergo (SP)

Trine Helle Simmenes (SP)

Inger-Helene Nummedal (SP)

Line Kydland (SV)

Evy Beate Kvamme (SV)

Arve Martin Rødland (INP)

Tor-Arne Helle (INP)

Morten Farestveit (INP)

Leif Inge Eide (R)

**Kontrollutvalet** fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegner.

Kontrollutvalet skal hovudsakleg medverke til ein ålmenn tillit i befolkninga, i høve best mogleg løysing av kommunale oppgåver. Vidare at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutval 2023-2027:

Irene Sætre (leiar)

Anneli Vatle Lilletveit (nestleiar)

Trygve Jakobsen

Karin Nordheim

William Helle Hestad

Formannskapet er på vegne av kommunestyret kommunen sitt sentrale styringsorgan, med eit særleg ansvar for økonomi- og plansaker. Det gjer i tillegg vedtak i ei rekkje saker etter fullmakt frå kommunestyret. Formannskapet har også mynde å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna kommunalt organ, når det ikkje er tid til å innkalla dette, jf. kommunelova § 13.

Formannskap 2023-2027:

Hege Eide Vik - Ordførar (SP)

Kjartan Haugsnes - Varaordførar (SV)

Amalie Johnsen Lunde (H)

Boris Groth (FRP)

Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP)

Ole Anders Brekkhus (AP)

Arve Rødland (INP)

Levekårsutvalet har 7 medlemmer, kommunestyret vel leiar og nestleiar. Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er helse og omsorg, folkehelse, oppvekst og opplæring og andre saker som naturleg fell innfor utvalet sitt ansvarsområde.

Levekårsutvalet 2023-2027:

Thor Andersen - Leiar (AP)

Line Kydland - Nestleiar (SV)

Evy Beate Kvamme (SV)

Morten Farestveit (INP)

Inger Helene Nummedal (SP)

Trond Olav Magnussen (H)

Lars Bjarte Nesheim (KRF)

#### Administrasjonsutval:

Formannskapet sine 7 medlemmer frå arbeidsgjevarsida og 3 medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane

#### Bygdeutviklingsutvalet

Utvalet har 5 medlemmer, Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Bygdeutviklingsutvalet sitt arbeidsområde er innanfor samfunnsutvikling, med avgjerslemynde til å fordele midlar i nyetablert tilskotsordning for bygdeutvikling. Medlemmer: Trine Simmenes (leiar), Britt Brudvik, Ivar Bergo, Tor Arne Helle, Erlend Hesjedal Johannessen

## **Forord frå kommunedirektør**

Kommunen fekk eit positivt økonomisk resultat i 2024. Likefullt er drifta i ubalanse og kommunen er avhengig av kraftinntektene. Kommunedirektøren ser med uro på at den kommunale drifta i aukande grad må dekkast av slike varierende inntekter. Vaksdal kommune opplever som mange andre kommunar synkende folketal med færre barn og fleire eldre. For å ruste oss for framtida er det nødvendig å tilpasse drifta betre til økonomiske rammer gitt i inntektssystemet for kommunar.

Fellesprosjektet med ny veg og bane Arna Stanghelle (FAS) er i gang med førebuande arbeid. Det store samferdselsprosjektet vil gje kortare reisetid og trygg ferdsel på veg og bane når det står ferdig. Arbeidet vil påverke innbyggjarar, næringsliv og kommunale tenester i byggjeperioden. Samtidig gir utbygginga potensial for vekst og utvikling i kommunen framover.

Naturhendingar som ras og flaum skjer i ein fjell- og nedbørrik kommune som Vaksdal. I mars 2024 gjekk det eit større ras om råka idrettsanlegget på Dale. Rasfaren er framleis høg og området er stengt i påvente av eventuell sikring. Med øydeleggingane på idrettsanlegget på Vaksdal åra før, så ramma denne hendinga innbyggjarane, idrettslivet og kommunen hardt.

Nytt helse- og omsorgsbygg på Vaksdal vart tatt i bruk i bruk hausten 2024. Heile prosjektet på Jamne vert ferdigstilt i 2025. Nærmiljøanlegg på Stanghelle og fleire andre mindre prosjekt på bygg og

infrastruktur er gjennomført i gjennom året. Langtidsplan for vassmiljø og VA vart vedtatt i 2024. Som mange andre kommunar har Vaksdal behov for store investeringar innan VA dei neste ti åra.

Vaksdal kommune leverer gode tenester til innbyggjarane i dag. Med nye oppgåver og meir spesialiserte tenester aukar kravet til kompetanse og kapasitet i kommunane. Samarbeid med andre kommunar om oppgåver og tenester er nødvendig for å redusere sårbarheit og auka kompetansen. Kommunen må vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative løysingar som aukar kvaliteten og/eller reduserer kostnader. For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med god kompetanse. Kommunedirektøren vil takke våre dyktige tilsette for godt arbeid og stor vilje til utvikling til beste for våre innbyggjarar.

### Økonomirapportering drift

Vaksdal kommune har eit godt resultat i 2024. Det har vore gode inntekter til kommunen også i 2024, då spesielt knytt til sal av konsesjonskraft. Samla har tenesteområda, inkl sal av konsesjonkraft eit forbruk på 316,8 mill, noko som er 1 høgare enn budsjett.

Større utfordringar ligg framfor oss i planperioden og utover. Reduserte inntekter som følgje av redusert folketal og høge investeringar vil svekke handlingsrommet og krevje raskare omstillingar. Endringar i alderssamansetninga i kommune gjer at dei kommunale tenestene må endre seg. Kommunen har meirinntekter frå andre faktorar enn den vanlege drifta, men den kommunale drifta er for høg. Endrings- og utviklingsarbeidet må styrkast for å sikre kompetanse, kvalitet og kostnadseffektiv drift.

Netto driftsresultat viser eit overskot på 12,9 mill,-, og brutto driftsresultat viser eit overskot på 3,8 mill,-. *Brutto driftsresultat er driftsinntekter minus driftsutgifter (inkl. avskrivningar), og viser kommunens ordinære driftsresultat inkl. kapitalkostnader, før ein tek omsyn til finanspostar.*

Kommuneøkonomien generelt er under eit stort press. Mange kommunar har i 2024 måtte nytta av Disposisjonsfondet for å finansiere drifta, og har ingen eller liten buffer. Den viktigaste grunnen er at tenestene over tid er blitt underfinansiert fra staten. I årene framover blir det mangel på både arbeidskraft og pengar, mens det blir dobbelt så mange eldre over 80 år. KS er tydeleg på at det er heilt naudsynt med store omstillingar i kommunesektoren framover.

### Resultat rekneskap og måltal

Vaksdal kommune har langsiktige mål for sunn økonomi:

Økonomiske mål	Langsiktig mål
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,75 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	Under 50%
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (u/amortiseringsfond)	Minst 10%

## Årsmelding 2024

Det var også god inntekter i 2024, og inntekter frå sal av konsesjonskraft påverker tala positivt. Dersom vi trekk i frå ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft er det den høge gjelda som bekymrer. Den høge gjelda medfører både høge avdrag og høge renter i tida frametter.

Netto driftsresultat viser eit overskot på 12,9 mill mot 160,1 mill i 2023. *Netto driftsresultat er brutto driftsresultat korrigerert for finanstransaksjonar (rente og avdrag), samt at ein korrigerer for «motpost avskrivningar».* **Netto driftsresultatet er 2,3% av brutto driftsinntekter**, mot 23,8% i 2023. I planperioden 2024-2027 er dette målet sett til 1,75%, som er i samsvar med statlege tilrådingar for kommunane.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har hatt ein auke frå 57% i 2018 til 103 % i 2022. **I 2024 er netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 84%.** *Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fråtrekt utlån og unytta lånemidlar.* Det er venta at nivået i Vaksdal vil auke etter kvart som investeringsprosjekta vert fullført og unytta lånegjeld vert redusert. Langsiktig gjeld pr 31.12.2024 er kr 667.876.202- , og er auka med omlag 17 mill frå 31.12.2023

**Pr 31.12.2024 var disposisjonsfondet kr 172.433.843,-** Dette er 31% av brutto driftsinntekter, og er rekna som eit sunt nivå. Etter den nye forskrifta for kommunerekneskap skal eit eventuelt mindreforbruk avsettast på disposisjonsfond før politisk behandling. Tidlegare var dette avsett på ein resultatkonto i balansen som ikkje var i kontoklasse med disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er derfor auka meir siste åra grunna nye reglar for føring av rekneskapen.

Grunna eit stort oppsamla premieavvik, er det i seinare år sett av midlar tilsvarande premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt, men er pr 31.12.2024 ikkje stort nok til dekke dette premieavviket. **Ser vi bort frå samla premieavvik er disposisjonsfondet omlag 16,5% av brutto driftsinntekter.** Dette er rekna som eit bra nivå på disposisjonsfondet, sett mot brutto driftsinntekter.

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Frie disponible inntekter</b>						
Rammetilskot	-188 191	-197 613	-197 613	-186 201	-11 412	-5,8 %
Inntekt- og formuesskatt	-104 860	-123 105	-128 105	-116 095	-12 010	-9,4 %
Eigedomsskatt	-43 475	-43 700	-43 700	-43 623	-77	-0,2 %
Andre generelle driftsinntekter	-22 641	-6 000	-6 000	-25 147	19 147	319,1 %
<b>Sum Frie disponible inntekter</b>	<b>-359 167</b>	<b>-370 418</b>	<b>-375 418</b>	<b>-371 066</b>	<b>-4 352</b>	<b>-1,2 %</b>

## Frie inntekter - rammetilskot og skatt

Frie inntekter er rammetilskot og skatteinntekter på inntekt og formue. Desse inntektene disponerer kommunen fritt til både lovpålagte og andre oppgåver. Rammetilskotet består av innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, distriktstilskot og skjønsmidlar. I tillegg vert det gjennom rammetilskotsordninga gjort ei inntektsutjamning.

**Budsjettert frie inntekter i 2024 var 325,7 mill.**

Endringar i Vaksdal kommune over tid må sjåast i samanheng med reduksjon i folketalet. Når det er færre å dele på vil %-vis endring auke når ein ser på inntektsendring pr innbyggjar.

For Vaksdal kommune var det ei auke i skatt på 11,2 mill frå 2023 til 2024. Dette er ei auke på 9,3%. Naturressursskatt utgjer 15,5 mill av dette og var undra frå 2023. Grunna svak skatteinngang nasjonalt vart det monaleg lågare inntektsutjamning i 2024.

### **KS om skatt**

Skattetallene, som SSB publiserte 17. januar, viser at kommunenes skatteinntekt i desember var 1,4 prosent høgare enn i 2023. Fylkeskommunenes samlede skatteinntekt i desember var 1,4 prosent høgare enn i 2023. Fylkeskommunenes samlede skatteinntekt i desember var 1,4 prosent høgare enn i 2023.

Skatteinngangen i desember var 4,16 mrd. kroner i kommunene. Det er 382,5 mill mindre enn i desember 2023. Fylkeskommunene hadde i desember en skatteinngang som er om lag 96 mill. kroner og 10,8 prosent mindre enn i 2023.

Desember er en liten skattemåned, og hoveddelen av skatteinngangen gjelder 4. kvartal i inneværende inntektsår. Nedgangen kan i hovedsak forklares av at innbetalt tilleggsskatt ble lavere enn i 2023, mens forskuddsskatten var om lag på nivå med året før.

Anslagene på kommunesektorens skatteinngang har gradvis blitt redusert gjennom året. Skatteinngang ble likevel om lag 1 prosent lavere det siste anslaget fra november (statsbudsjettet for 2025). Dette skyldes både at veksten i løpende innbetalinger av forskuddsskatt for 2024 ble mindre enn forventet og at avregningsoppgjørene for 2024 (korreksjonsoppgjør og marginoppgjør) ble svakere enn i tidligere år.

## Inntekter og folketal

Folketal og inntekter er knytt nært saman. Dei største delane av rammeoverføringane er innbyggjartilskot og utgiftsutjamning. Innbyggjartilskotet er det same pr innbyggjar for alle kommunar.

Gjennom utgiftsutjamninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved bruk av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lavt berekna utgiftsbehov til kommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Utgiftsutjamningen skal gje kompensasjon for ulikheiter i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påverke sjølv. Behovsindeksen fortel noko om kor dyr ein kommune er å drive samanlikna med landsgjennomsnittet. Den samla behovsindeksen er utrekna ved hjelp av eit sett kriteria og vektorer som seier noko om kvifor kommunane sine utgifter varierer, og vert nytta til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga. Samla har Vaksdal ein behovsindeks som no er 1,16. Dette betyr at kommunen får meir pr innbyggjar en landsnittet. Dette har mellom anna samanheng med dei faktorar som Vaksdal scorar høgt på er blitt lågare vekta (for eksempel reiseavstand til sonesenter og nabokrets). Store deler av utgiftsutjamninga er knytt til alderssamansetjinga i kommunen og sosiale faktorar. Indeksen har vorte redusert over tid.

## Eigedomsskatt

Kommunen har hatt eigedomsskatt for alle eigedommar sidan 2010, og det blei føretatt ny taksering frå 2020. Eigedomsskatt frå kraftverk har utgjort størstedelen av inntektene. Likningsgrunnlaget for eigedomsskatt frå vasskraft er m.a. basert på gjennomsnittlege kraftprisar siste 5 år, og i dei siste åra har kommunen opplevd varierende prognosar frå vasskraftverk. Prognosane får kommunen

frå Eviny. Inntektene frå eigedomsskatt er nytta i drifta og til investeringar, og har dekkja kostnader utover det behovet dei frie inntektene kan dekke.


Samla inntekter frå eigedomsskatt er kr 43,6 mill. og fordeler seg på 11,1 mill. frå bustader og fritidsbustader og 32,5 mill frå kraft og næring m.v. Inntekta frå eigedomsskatt var i 43,5 mill i 2023. Inntekta frå bustad og fritid vil være stabil i åra som kjem mens inntekta frå kraft og næring er forventa å variere meir mellom åra.

## **Pensjonskostnader og premieavvik**

Premieavvik er differanse mellom årets betalte pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Pensjonspremiar skal dekke dei auka pensjonsforpliktingane som har påløpt i løpet av året, og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp.

Årets premieavvik, med fråtrekk av tidlegare amortisert avvik er 8,7 mill i 2024 mot 25,8 mill i 2023. Dette er inntektsført i drifta, og bidreg til at det rekneskapsmessige resultatet går monaleg opp men har ikkje noko med drifta i Vaksdal kommune å gjere. Pr 31.12.2024 har kommunen eit premieavvik på kr 80.203.827,- som skal kostnadsførast og avskrivast over hhv 15, 10 og 7 år.

Det er nytta 8 mill frå premiefond, dette reduserer premieinnbetalingen, men har ingen resultatteffekt i året. Derimot medfører dette at dei årlege amortiseringskostnadene vert redusert med 1/7 av dette beløpet dei neste 7 åra. Kommunen har nytta seg at dette fondet i fleire år, noko som medfører at dei kostnadene vert redusert. Den samla effekten av dette er omlag 9,5 mill (inkl AGA) i året.



Kommunen har eit stort oppsamla premieavvik samanlikna med andre kommunar, men oppbygging av eit amortiseringsfond for å dekke inn dette, har vore eit godt strategisk grep. Amortiseringsfondet kan også nyttast til å dekke tap på aksjar og obligasjonar. Amortiseringsfondet vart oppretta i 2007, og pr 01.01.2024 var dette fondet kr 44.473.113. Ettersom oppsamla premieavvik pr 31.12.24 er større enn fondet, er det anbefalt å bygge opp fondet til premieavvikets størrelse. Akkumulert premieavvik pr 31.12.2024 er 80.203.827,- Premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik medfører ingen likviditetsmessige endringar men påverkar årets resultat.

Samla pensjonsforplikting i balansen er kr 655.621.990,-. Det vert elles vist til noter.

## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Finansinntekter/-utgifter</b>						
Renteinntekter	-7 692	-3 750	-5 050	-10 409	5 359	106,1 %
Utbytte	-7 826	-3 500	-5 200	-4 971	-229	-4,4 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-8 507	0	-4 000	-9 021	5 021	125,5 %

## Årsmelding 2024

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Renteutgifter	23 057	25 400	26 400	24 520	1 880	7,1 %
Avdrag på lån	36 485	32 700	32 700	32 799	-99	-0,3 %
<b>Sum Finansinntekter/-utgifter</b>	<b>35 517</b>	<b>50 850</b>	<b>44 850</b>	<b>32 918</b>	<b>11 932</b>	<b>-26,6 %</b>

Renteinntekter og utbytte frå andre selskap vart omlag 5 mill. betre enn budsjettert.

I revidert budsjett for 2024 vart det budsjettert med ein netto gevinst på finansielle instrument på 4 mill. Resultatet blei 9 mill. Porteføljen svingar i verdi i takt med marknaden generelt og året 2024 hadde ein generell oppgang. Benchmark viser ofte avvik i forhold til porteføljen men samanlikningen gir ikkje eit rett bilde av forholdet. Alternativ benchmark gjer eit betre bilde og den viser at Vaksdal sin portefølje klarer seg bra. Resultatet gjer ikkje ein likviditetseffekt men auker resultatet til kommunen. Avvik som er mellom aksjebenchmark, som er Oslo Børs (OBX), og Vaksdal kommune er fordi Vaksdal kommune sin aksjeforfølje har ei anna samansetjing. Porteføljen består av aksjar noterte på OBX lista og aksjefond som investerer globalt.

Samla vart utbytte noko lågare enn budsjettert.

Kostnadane til renter har auka som følgje av ein aukande rentenivå. Lån som er refinansierte i 2024 har fått høgare rente, men samla er det innafor budsjett. Tidlegare har kommunen oppnådd låge rentekostnader som følge av korte lån, men også desse låna er no dyre.

Avdrag har vorte betalt og kostnadsført i samsvar med vedteke budsjett og kontrollert mot minimumsavdrag. Vaksdal kommune nyttar Bergen Capital Management (BCM) i samband med låneopptak.

Det vert ellers vist til rapportar fra BCM

## Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Avsetnader og bruk av avsetnader</b>						
Overføring til investering	89 044	20 507	58 566	16 533	42 033	71,8 %
Avsetningar til bundne driftsfond	3 823	5 890	5 890	8 085	-2 195	-37,3 %
Bruk av bundne driftsfond	-17	-315	-315	0	-315	-100,0 %
Avsetningar til disposisjonsfond	122 745	10 253	10 253	10 253	0	0,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-44 825	-18 014	-59 518	-13 546	-45 972	-77,2 %
<b>Netto avsetnader</b>	<b>170 770</b>	<b>18 321</b>	<b>14 876</b>	<b>21 325</b>	<b>-6 449</b>	<b>43,4 %</b>

## Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Bruk av avsetninger</b>						
Bruk av bundne driftsfond	-10 236	-1 765	-1 765	-4 194	2 429	137,6 %
Bruk av disposisjonsfond	-55 347	-25 234	-66 738	-20 775	-45 963	-68,9 %
<b>Sum bruk av avsetnader</b>	<b>-65 583</b>	<b>-26 999</b>	<b>-68 503</b>	<b>-24 968</b>	<b>-43 534</b>	<b>-63,6 %</b>
<b>Avsetninger</b>						
Overføring til investering	89 044	20 507	58 566	16 533	42 033	71,8 %
Avsetninger til bundne driftsfond	5 163	6 040	6 040	11 093	-5 053	-83,7 %
Avsetninger til disposisjonsfond	131 498	10 253	10 253	10 253	0	0,0 %

## Årsmelding 2024

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
<b>Sum avsetnader</b>	<b>225 705</b>	<b>36 800</b>	<b>74 859</b>	<b>37 879</b>	<b>36 980</b>	<b>49,4 %</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-160 122</b>	<b>-9 801</b>	<b>-6 356</b>	<b>-12 911</b>	<b>6 554</b>	<b>103,1 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-677 204</b>	<b>-519 119</b>	<b>-524 119</b>	<b>-555 997</b>	<b>31 878</b>	<b>6,1 %</b>
<b>Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>23,6 %</b>	<b>1,9 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>2,3 %</b>	<b>20,6 %</b>	<b>0,0 %</b>

Netto driftsresultat svingar i hovudsak i takt med sal av konsesjonskraft.

### Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>				
Rammetilskot	-188 191	-186 201	-197 613	-197 613
Inntekt- og formuesskatt	-104 860	-116 095	-123 105	-128 105
Eigedomsskatt	-43 475	-43 623	-43 700	-43 700
Andre generelle driftsinntekter	-22 641	-25 147	-6 000	-6 000
<b>Sum Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-359 167</b>	<b>-371 066</b>	<b>-370 418</b>	<b>-375 418</b>
<b>Netto finansutgifter</b>				
Renteinntekter	-7 720	-10 977	-3 750	-5 050
Utbytte	-7 826	-4 971	-3 500	-5 200
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-8 507	-9 021	0	-4 000
Renteutgifter	23 068	24 585	25 400	26 400
Avdrag på lån	36 485	32 799	32 700	32 700
<b>Sum Netto finansutgifter</b>	<b>35 501</b>	<b>32 415</b>	<b>50 850</b>	<b>44 850</b>
<b>Sum sentrale inntekter og finansposter</b>	<b>-323 666</b>	<b>-338 650</b>	<b>-319 568</b>	<b>-330 568</b>
<b>Tenesteområda - drift</b>	<b>163 544</b>	<b>325 739</b>	<b>309 767</b>	<b>324 212</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-160 122</b>	<b>-12 911</b>	<b>-9 801</b>	<b>-6 356</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-677 204</b>	<b>-555 997</b>	<b>-519 119</b>	<b>-524 119</b>
<b>Driftsresultat i prosent av driftsinntekter</b>	<b>23,6 %</b>	<b>2,3 %</b>	<b>1,9 %</b>	<b>1,2 %</b>

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetninger til bundne driftsfond	5 163	11 093	6 040	6 040
Avsetninger til disposisjonsfond	131 498	10 253	10 253	10 253
Bruk av bundne driftsfond	-17	0	-315	-315
Bruk av disposisjonsfond	-44 825	-13 546	-18 014	-59 518
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Overføring til investering	89 044	16 533	20 507	58 566
Avsetninger til bundne driftsfond	-1 340	-3 008	-150	-150
Avsetninger til disposisjonsfond	-8 753	0	0	0
<b>Netto avsetninger - sentrale poster</b>	<b>170 770</b>	<b>21 325</b>	<b>18 321</b>	<b>14 876</b>
Avsetninger til bundne driftsfond	1 340	3 008	150	150
Avsetninger til disposisjonsfond	8 753	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-10 219	-4 194	-1 450	-1 450

## Årsmelding 2024

	Rekneskap i fjor	Rekneskap 2024	Opph. bud.	Rev. bud.
Bruk av disposisjonsfond	-10 522	-7 228	-7 220	-7 220
<b>Netto avsetninger i tenesteområda</b>	<b>-10 648</b>	<b>-8 414</b>	<b>-8 520</b>	<b>-8 520</b>
<b>Sum sentrale inntekter og finansposter</b>	<b>160 122</b>	<b>12 911</b>	<b>9 801</b>	<b>6 356</b>

### Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde

Beløp i 1000

Namn	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Fellesområde økonomi	30 487	16 133	28 897	-12 764	-79,1 %
Tenesteområde oppvekst og kultur	105 894	112 912	106 907	6 005	5,3 %
Tenesteområde helse og meistring	146 806	156 356	154 048	2 308	1,5 %
Tenesteområde digitalisering, innovasjon og samfunn	52 255	66 691	62 354	4 337	6,5 %
Sentraltøkonomi	-335 442	-352 092	-352 206	114	0,0 %
<b>Sum tenesteområde</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>


## Personal og organisasjon

### Organisasjonen

Vaksdal kommune er den største arbeidsplassen i kommunen. Den 31.12.2024 var det 443 personer tilsett i heile kommuneorganisasjonen. Desse utgjorde tilsaman 325,4 årsverk, inkludert vikarer.

Kommunen ivaretar mange oppgåver. Dei tilsette representerer fleire forskjellige yrkesgrupper.

Vi er organisert med kommunedirektøren si leiargruppe. Denne består av kommunedirektør og 5 kommunalsjefar.



I tillegg til kommunedirektøren si leiargruppe har vi utvida leiargruppe kor også 4 einingsleiarar er inkludert.

Det er totalt 15 avdelingsleiarar som rapporterer til einingsleiarane. Desse har økonomi og personalansvar for sitt fagområde.

Målet med denne organiseringa er å ivareta utvikling av alle fagområda og samordning på tvers av organisasjonen. I tillegg skal den sikre samarbeid med eksterne partar.

Administrativt delegeringsreglement omhandlar og ivaretar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen.

### Mål og verdier

Arbeidsgjevarpolitikken viser kven vi er som arbeidsgivar, kva tilsette vi har, og dei mål vi ønskjer å jobbe mot. Den påvirker tenestene vi ønskjer å skape, utvikle og levere.

Vaksdal kommune sin visjon er «bynært bygdeliv».

Våre verdier

- Nyskapande – Open – Samhold (politisk bestemt)
- Respekt – Tillit – Kompetanse – Løysingsorientert (arbeida fram av organisasjonen)

Verdiane våre styrer våre haldningar og handlingar.

### Kommunen som arbeidsgjevar

Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon. Vårt mål er å være ein attraktiv arbeidsgjevar kor mange ønsker å jobbe i framtida. Nye tilsette blir tatt godt imot, får god opplæring og oppfølging.

### Våre leiarar

Er trygge og gode rollemodellar

Legg vekt på gode relasjonar med dei tilsette og tilsette sine representantar

Er opne for innspel

Legg til rette for meistringsorientert leiarskap gjennom samspel med tilsette

### Våre tilsette er

Kompetente og engasjerte

Opptatt av kontinuerleg læring og forbetring, også på tvers i organisasjonen

Løysningsorientert og våger å kome med nye tankar og idear.

Bevisst sitt ansvar i forhold til innbyggerane

### Mål og strategiar for å sikre ein framtidsretta organisasjon

Gjennom god økonomistyring sikrar vi økonomisk handlingsrom innafor gitte rammer.

Vi utviklar gode tenester i samarbeid med innbyggerane.

Arbeidar systematisk og heilskapleg for å gje rette tenester til rett nivå til rett tid til lågast mogleg kostnad.

Strategisk kompetanseplan skal sikre at vi mobiliserer, utviklar og rekrutterer den kompetanse som er nødvendig for å sikre våre mål og verdiar.

### System for styring

Verksemdstyring er kommunedirektøren sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdstyringa skal:

- Vere basert på mål - og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- Sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- Sikre etterleving av lover og forskrifter
- Integrerer risikostyring og internkontroll
- Sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk
- Sikre læring forbetring og innovasjon

### Kommunen som arbeidsgjevar

Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon. Vårt mål er å være ein attraktiv arbeidsgjevar kor mange ønsker å jobbe i framtida. Nye tilsette blir tatt godt imot, får god opplæring og oppfølging.

### Våre leiarar

Er trygge og gode rollemodeller

Legg vekt på gode relasjonar med dei tilsette og tilsette sine representantar

Er opne for innspel

Legg til rette for meistringorientert leiarskap gjennom samspel med tilsette

Våre tilsette er

Kompetente og engasjerte

Opptatt av kontinuerleg læring og forbetring, også på tvers i organisasjonen

Løysningsorientert og våger å kome med nye tankar og idear.

Bevisst sitt ansvar i forhold til innbyggerane

Mål og strategiar for å sikre ein framtidretta organisasjon

Gjennom god økonomistyring sikrar vi økonomisk handlingsrom innafor gitte rammer.

Vi utviklar gode tenester i samarbeid med innbyggerane.

Arbeidar systematisk og heilskaplig for å gje rette tenester til rett nivå til rett tid til lågast mogleg kostnad.

Vi arbeidar systematisk for og heilskapleg for å gje rett teneste til rett tid til lågast gomme kostnad.

Strategisk kompetanseplan skal sikre at vi mobiliserer, utviklar og rekrutterer den kompetanse som er nødvendig for å sikre våre mål og verdier.

System for styring

Verksemdstyring er kommunedirektøren sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdstyringa skal:

- Vere basert på mål - og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- Sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- Sikre etterleving av lover og forskrifter
- Integrerer risikostyring og internkontroll
- Sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk
- Sikre læring forbetring og innovasjon

**Årsverk**

	Desember 2024			
Org.eining	Fast	Vikar	Midlertidig	Total

## Årsmelding 2024

Fellesområde økonomi	14,10	1,50	0,00	15,60
Tenesteområde oppvekst og kultur	119,26	16,01	7,60	142,87
Tenesteområde helse og meistring	119,87	2,37	1,14	123,38
Tenesteområde digitalisering, innovasjon og samfunn	43,53	0,00	0,00	43,53
<b>Total</b>	<b>296,76</b>	<b>19,88</b>	<b>8,74</b>	<b>325,38</b>

### Stillingar

Årsverk/stillingar er fordelt på dei forskjellige stader/fagområder. På grunn av sjukefråvær og permisjonar vil det alltid være ein del variasjonar i forhold til vikariat og vakante stillingar. Desse blir ikkje tatt med i tabellen under. Nokre personar jobbar fleire stader. Desse blir talt der kor dei har høgast stillingsprosent.

	2024		2023		2022	
	Årsverk	Personar	Årsverk	Personar	Årsverk	Personar
Felles	15,6	28	24,49	24	18,14	17
Barnehage, oppvekst og kultur	142,9	162	136,36	160	130,81	153
Helse og meistring	123,4	185	122,57	186	122,76	177
Digitalisering, innovasjon og samfunn	43,5	68	37,06	67	38,24	74
Samla	325,4	443	320,48	437	310	421

### Rekruttering

Det er utfordrande å rekruttere til dei fleste kommunar i dag. Framtidig behov for ingeniørar/tekniske stillingar og kompetanse til helse og meistring ser vi som spesielt vanskeleg å rekruttere til. For å dekke inn framtidig kompetansebehov ser kommunen det som viktig å gi støtte til utdanning til tilsette som ønskjer å gjennomføre relevant utdanning/vidareutdanning.

For å framstå mest mogleg attraktivt, prøver vi å lyse ut flest mogleg faste stillingar med størst mogleg stillingsprosent.

Vaksdal kommune har tilsett 61 nye medarbeidarar i faste stillingar i 2024. Av desse er 4 helgestillingar i helse og meistring. Interne jobbskifte er ikkje medrekna i desse tala.

34 tilsette slutta i Vaksdal kommune i 2024. Av desse var det 13 som slutta grunna uføre, AFP eller alderspensjon. Til samanlikning var det 64 tilsette som slutta i 2022

Kommunen har som mål at alle tilsette som ønskjer det skal få fast 100% stilling. På grunn av sjukefråvær og permisjonar er det likevel nødvendig å tilsette vikarar.

I eit inkluderande arbeidsmiljø er det viktig å legge til rette for tilsette som ønskjer deltidsstilling og for tilsette som treng helsestilpassa arbeid. Dette gjeld både tilpassing i oppgåver og stillingsstorleik.

Dei fleste deltidsstillingar er i helse og meistring. Også i skule og barnehage er det nokon som jobbar deltid. Der kor det er mogleg å slå saman fleire mindre stillingar, blir dette gjort. Dei største utfordringane med deltid er små helge stillingar i helse og meistring.

Ved utgangen av året var gjennomsnittleg stillingsstorleik i kommunen 74%. Dette er eksklusive brannkonstablar som har fast stillingsprosent på 1,15%. I helse og meistring var gjennomsnittlig stillingsstorleik 67%. Ser vi bort frå helge stillingar var gjennomsnittleg stillingsstorleik på 79%.

	2022	2023	2024
Kommunen samla	0,77	0,67	0,74
Helse og meistring	0,66	0,60	0,67
Helse og meistring, eksklusive små helgestillingar			0,79

## Likestilling

### Målsetting

Vi jobbar aktivt og målretta for å fremja likestilling mellom kjønn og hindre diskriminering. Kommunen har policy for likestilling. Denne seiar vi skal jobbe for at organisasjonen skal representera mangfaldet i samfunnet. Kommunen skal tilby likeverdige tenester til alle. Det er eit leiaransvar og sørge for at alle tilsette jobbar for denne felles målsettinga.

Med likestilling meiner vi likeverd, like moglegheiter og like rettigheter.

Dersom det er manglande kjønnsbalanse innafor eit fagområde, skal underrepresentert kjønn bli oppfordra til å søke. For å sikre lik behandling av kandidatar har vi laga rutinar og intervjuguide. Dette skal sikre likebehandling og at alle kandidatar svarer på dei sama spørsmåla i intervju.

Som hovudregel skal alle ha 100% stilling. Unntak frå dette skal grunngjevast.

Om ein tilsett frivillig ønskjer deltidsstilling, skal vedkomande bli forklart kva konsekvensar dette kan gi.

Tilsette med redusert funksjonsevne skal, så langt mogleg, få tilrettelagde oppgåver og tilrettelagt arbeidstid. Dette skal ikkje gå ut over andre tilsette eller drifta i organisasjonen.

## Årsmelding 2024

Dei aller fleste tilsette har ynska stillingsstorleik i dag. Når nokon ynskjer høgare stilling får dei dette så snart vi har ein ledig moglegheit.

### Seniorbonus og seniortiltak

Tilsette som jobbar etter fylte 62 har rett til seniortiltak. Ved fylte 63 år og eldre får ein utbetalt seniorbonus. Dette er tiltak for å motivera seniorar til å stå lenger i jobb. I 2024 var det 23 personar som fekk utbetalt seniorbonus.

### Foreldrepermisjon

gjennomsnittlig antal veker med foreldrepermisjon var i 2024 på 32,95 veker for mor og 15,95 veker for far.

### Kjønn

Kommunesektoren er generelt dominert av kvinner. 81% av årsverka i 2024 var kvinner og 19% er menn. Til samanlikning var det 82% kvinner og 18% menn i 2023.

Ser vi på tal tilsette var det 74% kvinner og 26% menn i 2024.

I leiande stillingar er det 76% kvinner og 24% menn ved utgangen av 2024.

Kommunen har som mål å tilsette fleire menn. Spesielt gjelder dette i yrker innan barnehage, skule og helse og meistring.

Det er ei målsetting å få fleire menn inn i skule, barnehage og helsesektoren.

### Etnisitet

Personer med ulik etnisitet og språk, skal ha dei same moglegheiter som andre i organisasjonen. Vi gir informasjon på fleire språk og vi rettleiar framandspråklege slik at desse kan forstå utlysingar, regelverk, presentasjonar etc.

### Lønnsvekst og lønsforskjellar

I det sentrale lønnsoppgjeret for 2024 var den totale årslønnsveksten på 5,3%. Det var satt av 1,1 % av desse lønsmidlar til lokalt lønnsoppgjer.

Gjennomsnittleg årsløn for kvinner var i 2024 kr. 504.109. For menn var den kr. 502.449

Dei aller fleste tilsette har løn etter tariff. Utover dette blir det gitt lokale lønstillegg til grupper etter gitte kriterier. Dette ser vi som viktig for å lik løn uansett kjønn, alder og etnisitet.

Stillingar på same nivå skal, så langt som mogeleg, ha tilnærma lik løn på tvers av fagområder.

Minst anna kvart år skal det kartleggast og gjerast reise for lønns kartlegging for ulike stillingsnivå og stillingsgrupper:

- For gruppa med avdelingsleiar/fagleiar/formann tente kvinner kr. 640.338 og menn kr. 642.067
- Stillingar i kapittel 5 tente kvinner kr. 732.975 og menn kr. 933.732
- For stillingar med krav om 4 årig høgskuleutdanning tente kvinner kr. 616.656 og menn kr. 604.171
- I stilling som Lærer og andre med 3 årig høgskule tente kvinner kr. 582.371 og menn kr. 613.089
- For fagarbeidar eller tilsvarande tente kvinner kr. 492.169 og men kr. 473.837
- I stillingar utan særskilte krav til utdanning tente kvinner kr. 411.182 og menn kr. 402.964

Denne oversikta tar kun utgangspunkt i kjønn og lønn. Andre faktorar som kan påvirke lønn er ikkje tatt hensyn til. Dette kan være alder og ansiennitet. Ulike faggrupper og stillingsnivå kan også være ulikt lønna, sjølv om dei har same stillingskode. Dette er heller ikkje tatt hensyn til.

## HMS

Kommunen arbeider heilskapeleg med helse, miljø og tryggleik. Eit trygt arbeidsmiljø er avgjerande for at tilsette skal trivs på jobb. HMT arbeidet er satt i system med årshjul for HMT plan, vernerunder, medarbeidarsamtalar, AMU og lokale arbeidsmiljøgrupper. Kvart 2 år gjennomfører vi 10 faktor medarbeidarundersøking.

Sjukmeldte blir fylgt opp tett av leiar og HR. Det vert gjennomført leiarsamlingar/leiarutvikling med forskjellige tema 6-10 gonger i året.

Vi har eit godt kvalitets system kor avvikshåndtering og risikovurderingar er godt integrert. Dette gir auka forståing for risikofaktorar og førebygging.

Arbeidsmiljøutvalet er samansett av 8 representantar, 4 frå arbeidsgjevar og 4 frå arbeidstakar. Utvalet har 4 faste møter i året med fast agenda for kvart møte. Bedriftshelsetenesta stiller som uavhengig representant på AMU møta.

## Lærlinger

Vaksdal kommune satsar på kompetanseutvikling av eigne tilsette. Vi jobbar aktivt med å tiltrekkje oss nye og motiverte lærlingar. I dag er vi godkjent lære-bedrift innan fleire fag:

- Barne og ungdomsarbeidar
- Helsefagarbeidar
- Reinhaldsoperatør
- Byggedriftar
- Anleggsmaskinførar

I løpet av 2024 har vi hatt 20 lærlingar i ordinært lærlingeløp (fullført VG1 og VG2). 5 av desse har tatt fagbrev i løpet av året. I tillegg til desse har vi fleire tilsette som går opp til fagbrev på eiga hand i samarbeid med arbeidsgjevar.

### Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2023	5,92 %	5,39 %	11,32 %
Årleg sjukefråvær 2024	3,90 %	5,49 %	9,38 %

### Status sjukefråvær og HMS

#### Korleis vi jobbar med sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø kor deie tilsette trivs og har det bra, er viktig for å førebygge sjukefråvær. Kommunen jobbar kontinuerleg med tiltak for å førebygge og oppretthalde eit godt arbeidsmiljø.

Når tilsette blir sjuk, er det viktig med tett dialog, oppfølging og tilrettelegging av arbeidet. Leiarane i organisasjonen får opplæring i dette og jobbar tett saman med dei tillitsvalte på dette området. Vi har prioriterte tiltak som:

- Tidleg oppfølging og avklaring så tidleg som mogleg
- Følgje opp spesielt der ein ser gjentatte fråvær eller gjentatte "mønster" i fråværet
- Leiarane får rettleiing i korleis gjennomføre «den vanskelege samtalen»
- Der kor sjukefråværet er høgt, er HR med og jobbar med kultur og arbeidsmiljø
- HR gjer kartlegging i avdelingane saman med tillitsvalte


#### Utvikling i 2024

Sjukefråværet samla i den kommunale organisasjonen i Vaksdal var i snitt på 9,2% i 2024, mot 11,3 % året før (2023).

#### Utvikling sjukefråvær

Eining	2020	2021	2022	2023	2024
Barnehage, kultur og inkludering	14,8	13,9	10,5	14,2	12,8
Skule og PPT	7,3	7,7	7,5	7,8	8,4
Digitalisering, innovasjon og samfunn	5	7,5	12,3	7,9	6,9
Helse og meistring	10,5	12,4	12,2	11,8	9,4
Politisk, kommunedirektør og stab	5,7	4,2	5,1	4,9	5,9
Kommunen samla	8,6	10,1	9,7	10,1	9,2

Det totale sjukefråværets utvikling over tid.



## Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2024			Fråvær 2023		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Fellesområde økonomi	-	-	-	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Tenesteområde oppvekst og kultur	-	-	-	-	-	-
Tenesteområde helse og meistring	-	-	-	-	-	-
Tenesteområde digitalisering, innovasjon og samfunn	2,50 %	6,95 %	9,45 %	4,97 %	0,11 %	5,07 %
Sum tenesteområde	3,90 %	5,49 %	9,38 %	5,92 %	5,39 %	11,32 %

### Medarbeidarundersøking

Kvart 2 år gjennomfører kommunen 10 faktor medarbeidarundersøking. Siste gjennomføring var i 2023. Det er planlagt å ha neste undersøking i slutten av august i 2025.

10 faktor kartlegg dei tilsette si meining om trivsel/arbeidsmiljø, medarbeiderskap og leiarskap. På bakgrunn av resultatata frå undersøkelsen blir det, i fellesskap mellom leiar og dei tilsette, laga handlingsplanar som følgjast opp i det vidare arbeidet. Planane blir kvalitetssikra i AMU. Dei blir også fylgt opp i dei lokale arbeidsmiljøgruppene.

### Etikk og internkontroll

Kommunen ønskjer å legge til rette for kontinuerleg arbeid med kvalitet, styring og kontroll. Kvalitetssystemet gjer det enkelt for tilsette og leiarar å finne alle relevante dokument og skjema, synleggjera prosesser og analyser. Det skal vere enkelt å få tilgang til styringsdata som rutinar, rettleiingar, avviksstatistikk og risikoanalyser. Avvika blir i all hovudsak lukka innan 14 dagar.

Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høg etisk standard. Hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid. Organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

### Investeringar

Helse og omsorgsbygget på Vaksdal vart ferdig 1.halvår. Etter ferien vart velferdsutstyr og velferdsteknologi montert og testa og seinhaustes brukarane inn. Etter innflyttinga vart arbeid i 1. etg i ressurscenteret utført. Bårerom samt uteområde ved Maritvoll vert fullført i 2025. Ny bil til transport helse og omsorg er bestilt og vert levert i 2025.

Nærmiljøanlegg på Stanghelle er ferdig, Stamnes og Vaksdal er under arbeid med ferdigstilling vår 2025. Noko restarbeid på Dale skule er gjennomført.

Vegprosjektet i Daleseidvegen er ferdig. Prosjektet for Dale kollektivhaldeplass er prosjektert og klart for anbod, fylket har ikkje bekrefta finansiering enda. Større og mindre prosjekt innan kommunale bygg/anlegg og veg har pågått løpande fleire stadar i kommunen, m.a. vegljøs på Stamnes og andre trafikkisikringstiltak. Fornying av maskiner og utstyr er i samsvar med plan.


Innan vatn og avlaup er det utført arbeid m.a. med vassforsyning Stamnes, sanering VA-leidningar Dale/Stanghelle og avlaupssanering Vaksdal.

## Error: Setup is InproperSamfunns- og befolkningsutvikling

### Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>4 140</b>	<b>4 096</b>	<b>4 125</b>	<b>4 122</b>	<b>4 063</b>	<b>4 045</b>	<b>3 977</b>	<b>3 918</b>	<b>3 867</b>	<b>3 875</b>	<b>3 852</b>
Fødde	46	54	43	45	27	34	33	25	31	26	28
Døde	57	66	49	54	49	43	55	44	54	48	53
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>-11</b>	<b>-12</b>	<b>-6</b>	<b>-9</b>	<b>-22</b>	<b>-9</b>	<b>-22</b>	<b>-19</b>	<b>-23</b>	<b>-22</b>	<b>-25</b>
Innvandring	24	36	35	35	13	9	11	16	48	57	25
Utvandring	14	11	7	10	16	15	7	5	11	31	25
Innflytting, innanlands	117	141	121	141	115	103	126	130	136	122	167
Utflytting, innanlands	160	125	145	149	173	156	167	175	143	148	119
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>-33</b>	<b>41</b>	<b>4</b>	<b>17</b>	<b>-61</b>	<b>-59</b>	<b>-37</b>	<b>-34</b>	<b>30</b>	<b>0</b>	<b>48</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>-44</b>	<b>29</b>	<b>-2</b>	<b>4</b>	<b>-82</b>	<b>-68</b>	<b>-59</b>	<b>-51</b>	<b>8</b>	<b>-23</b>	<b>23</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>4 096</b>	<b>4 125</b>	<b>4 123</b>	<b>4 127</b>	<b>4 045</b>	<b>3 977</b>	<b>3 918</b>	<b>3 867</b>	<b>3 875</b>	<b>3 852</b>	<b>3 875</b>


### År



Folketalet auka med 23 frå 2023 til 2024, noko som kjem av netto innflytting til kommunen.

Over tid har Vaksdal kommune hatt eit førselsunderskot. I åra 2018-2021 var det også lav innvandring, noko som medførte sterk reduksjon i folketalet i denne perioden. Dei seinare åra har netto innvandring auka, og i 2024 var det også betydeleg auke i innflyttinga til kommunen.

Utviklinga over tid visert at det er reduksjon i alle aldersgruppe, unntatt aldersgruppa 67-79 år.



## Kommunen sine tenesteområde

### Fellesområde økonomi

#### Kommentar til status økonomi

Det er vidare budsjettert kostnader til drift av politisk styre, utval og råd og ordførar/ varaordførar, revisjon, tilskot til kyrkjeleg fellesråd, tilskot til andre trussamfunn m.v.

Det er positivt avvik knytt til pensjon. Tilskotsordningar som t.d stimuleringsstilskot er ikkje budsjettert, og har eit forbruk på omlag 2,5 mill. Utover dette er det i 2024 mellom anna meirutgifter til godtgjering for politisk arbeid, lisenser og negativt avvik på sjølvkostområda

#### Økonomistatus per konto


Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	7 917	10 319	10 319	9 938
Refusjon lønn	-67	-300	-300	-666
<b>Sum Lønn</b>	<b>7 850</b>	<b>10 019</b>	<b>10 019</b>	<b>9 273</b>
Drift	8 844	4 110	4 110	10 420
Kjøp av produksjon	911	1 330	1 330	1 250
Overføringer	19 296	6 067	6 187	10 917
Finansutgifter	10	0	0	66
<b>Sum Utgifter</b>	<b>29 062</b>	<b>11 508</b>	<b>11 628</b>	<b>22 653</b>
Brukerbetaling	-55	-4 064	-4 064	-264
Refusjoner	-1 314	-1 449	-1 449	-1 780
Overføringer	-1	0	0	0
Finansinntekter	-5 054	0	0	-985
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-6 424</b>	<b>-5 514</b>	<b>-5 514</b>	<b>-3 029</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>30 487</b>	<b>16 013</b>	<b>16 133</b>	<b>28 897</b>


#### Grafar økonomi

##### Driftsutgifter og inntekter (graf)

## Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



## Tenestoområde oppvekst og kultur

### Kommentar til status økonomi

#### Økonomistatus tenestoområde oppvekst og kultur

Rekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk på omlag 6 mill som fordeler seg som vist i tabellen.

Eining skule (skule, ppt, barnevern) og felleskostnader (inkludert NAV) avsluttar 2024 med eit meirforbruk, medan eininga barnehage, kultur og inkludering avsluttar året med eit stort mindreforbruk. Det er eit høgt positivt premieavvik og overføringar frå staten knytt til mottak av flyktningar, som gjer at oppvekst og kultur samla sett har eit mindreforbruk i 2024.

#### Overføring og bruk av fond

## Årsmelding 2024

Vaksdal kommune har vedtak i sak PS 88/23 (12.12.2023) *Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 55 flyktningar. Overskot av Integreringstilskot vert sett av til fond for å dekkje naudsynte kostnader seinare år.* Dette vert ofte omtala som flyktningfondet.

I 2024 har ein nytta av flyktningfondet i samsvar med budsjettert beløp til ulike tenester som er retta mot flyktningane. Av dette er 4,8 mill tilført drifta i oppvekst og kultur.

### Økonomistatus tenestenivå

Det er særleg i skule, sfo, barnevern og NAV at ein har meirforbruk i høve oppsett budsjetteramme. For grunnskule er meirforbruket i 2024 omlag 3,8 millionar, i SFO nærare 1 million. I begge er det lønnsutgiftene som utgjer meirforbruket, i tillegg til at gratistilbod i SFO har redusert SFO sine brukarbetalingssinntekter. Deler av meirforbruket på lønn er fastlønn. Fastløn er alle utgiftene knytt til dei fast tilsette. Resten av meirforbruket er knytt til variabel lønn.

### Økonomistatus per konto


Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	117 690	125 033	125 033	129 650
Refusjon lønn	-5 777	-3 862	-3 862	-7 994
<b>Sum Lønn</b>	<b>111 914</b>	<b>121 171</b>	<b>121 171</b>	<b>121 657</b>
Drift	11 951	10 987	11 087	14 012
Kjøp av produksjon	15 506	13 183	13 183	12 931
Overføringer	12 621	12 572	12 572	14 873
Finansutgifter	10 671	0	0	237
<b>Sum Utgifter</b>	<b>50 749</b>	<b>36 742</b>	<b>36 842</b>	<b>42 052</b>
Brukerbetaling	-10 726	-7 842	-7 842	-11 510
Refusjoner	-7 441	-3 858	-3 858	-4 548
Overføringer	-33 292	-28 429	-28 429	-35 792
Finansinntekter	-5 310	-4 972	-4 972	-4 952
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-56 769</b>	<b>-45 101</b>	<b>-45 101</b>	<b>-56 802</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>105 894</b>	<b>112 812</b>	<b>112 912</b>	<b>106 907</b>

### Grafar Økonomi


#### Driftsutgifter og inntekter (graf)

## Årsmelding 2024




Detaljvisning drift (graf)

### Driftsutgifter



— Lønn — Overføringsutgifter — Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon  
— Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon — Finansutgifter

### Driftsinntekter



— Overføringsinntekter — Refusjoner — Salgsinntekter — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner

## Status måltabell

Hovudmål	Statusbeskriving hovudmål
<b>Vaksdal er ein attraktiv kommune for alle innbyggjarar heile livet</b>	<p><b>Oppvekst og kultur</b></p> <p>Tenestene innan oppvekst og kultur er desentraliserte slik at barn og unge har relativt kort veg til skule og barnehage. Fleire av bygningane der me driv skule og barnehage er nybygde eller oppgraderte, slik at barn og unge har gode fysiske bygg og uteområde. Det finst framleis nokre unntak, særleg Dale barnehage. Her ligg det eit politisk mandat for ein moglegheitsstudie for ein ny Dale barnehage.</p> <p>Vaksdal kommune bidreg gjennom oppvekst- og kulturtenestene til aktive lokalmiljø gjennom tilskotsordningar og samarbeid med frivillige. Leiaren for avdeling for kultur og inkludering, saman med frivilligsentralen, samarbeider med frivillige, og har med seg kommunen sine mål for inkludering i dette arbeidet.</p> <p>Kommunestyret i Vaksdal har vedteke fleire tiltak for å gjere det lettare å delta i fritidsaktivitetar. Desse tiltaka blir handterte av oppvekst og kultur. Gjennom 2024 har Vaksdal kommune hatt fleire ordningar knytt til fritida til barn og unge. Me har til dømes BUA, utstyrsbu på skulane, gratis leige av lokale for barn og unge, fritidsfond og gratisplassar i kulturskulen. Vaksdal kommune har òg eigne sommaraktivitetar og villmarksleir. I tillegg tilbyr kommunen heilt gratis SFO for 1.- 2. trinn, noko som i stor grad fremjar generell inkludering ved skulane.</p> <p>Vaksdal kommune er ein trafiksikker kommune og har ein gjeldande trafiksikringsplan. Dale skule har annakvart år ein eigen trafiksikringsdag, medan barnehagane har trafiksikring som ein del av årsplanen, inkludert eit trafiksikringsteater. Neste trafiksikringsdag på Dale skule er i juni 2025.</p> <p>I 2024 har Vaksdal kommune styrkt NAV med prosjektstillingar for å hjelpe flyktningar på ulike nivå</p>
<b>Vaksdal skal sikre eit trygt, godt og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge</b>	<p>Leiargruppa i oppvekst framhevar at skule og barnehage har system for å fange opp dersom nokon ikkje er ein del av fellesskapet og ikkje har det bra. Det er implementert forsvarlege system som sikrar både førebyggjande tiltak og tiltak om noko vert avdekket. Me er gode til å møte, gode til å sjå og gode til å vite, og dette har vore vårt fokus gjennom PALS, inkluderande barnehagemiljø og i tverrfagleg plan. I arbeidet med å fange opp kva som føregår mellom barn og unge i sosiale medium, på fritida og òg på skulen, har me etablert ei fast kartlegging som alle gjennomfører jamleg. Om ein fangar opp noko her, er det fastlagde rutinar vidare. Ungdomstrinnet har satsa på MOT som eit førebyggjande tiltak mot mobbing, vald, rusbruk og psykiske utfordringar.</p> <p>Me har gode system for å ivareta retten til eit trygt og godt miljø, slik det er fastsett i lovverket vårt.</p> <p>I skule har me implementert ein heilt ny opplæringslov og fått på plass eit sikkert digitalt sakshandsamingssystem for sakshandsaming og kommunikasjon mellom etatar og føresette. Me har òg, som følgje av den nye opplæringslova, utarbeidd ulike forskrifter som var på høyring siste del av 2024.</p> <p>Me har ein overgangsplan mellom barnehage, barnetrinn og ungdomstrinn som sikrar trygge barn på vegen frå barnehage til vidaregåande skule. Overgangsplanen har vore på agendaen på pedagogisk forum to gongar i 2024. Dette var i samband med førebuinga til overgangane og evalueringa av desse.</p> <p>Me har delteke i den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis for å sikre kompetanse til å førebygge, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging. I tillegg har skule satsa på fysisk aktiv læring</p>

### Hovudmål      Statusbeskriving hovudmål

---

(FAL) i eit inkluderande miljø, medan barnehage har satsa på song som verkemiddel i språkutviklinga gjennom ulike regionale kompetansetiltak. Desse satsingane har ført til mange nye praksisar i arbeidet i 2024, særleg ser ein dette gjennom uteskulearenaene som er bygde opp.

I arbeidet med tverrfagleg førebyggjande plan har me synleggjort overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet. Dette omfattar korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene, korleis oppgåvene skal organiserast, og korleis dei ulike tenestene skal samarbeide. Me har i dette arbeidet lagt til rette for tverrfagleg samarbeid gjennom konsultasjonsteam, ressursteam og utviklingsteam på tvers av tenestene i kommunen og i samarbeid med regionen. I etterkant av dette har me fått etablert fleire samhandlingsarenaer for tilsette som arbeider tett på barna, der dei kan få råd i vanskelege saker frå eit tverrfagleg team med spisskompetanse. Oppvekstrettleiaren har vore sentral i dette arbeidet.

Me har sikra barn og unge medverknad gjennom barnesamtalar, elevsamtalar, elevråd og ungdomsråd. I arbeidet med medverknad i 2024 har me sett på moglegheitene til å utvikle ein eigen vernerunde for elevane. Dette arbeidet vart påbegynt i 2024.

Leiargruppa ser at skule har ei viktig rolle i det å avdekke om barn og unge ikkje har det godt, og at me treng hjelp frå alle gode krefter for å førebygge psykisk uhelse hjå barn og unge. Utvikling av psykisk uhelse hjå barn grunna utanforskap og sosiale vanskar er eit samfunnsproblem som skule og barnehage ikkje klarer å løyse åleine. Me ser at sjølv om me freistar å vere tett på i læringssituasjonar og friminutt, for slik å kunne førebygge og stoppe uheldig samhandling, så er det ekstraomgangar på fritida, ettermiddagen, kvelden og natta, og ikkje minst i sosiale medium, der me i oppvekst berre i avgrensa grad kan vise veg. Skulane i Vaksdal har mellom anna lagt fram mobilforbod i skulane som forslag til skuleregjar i Vaksdal kommune for å kunne redusere den uheldige samhandlinga som private mobilar i skuletida kan føre til.

Oppvekst og kultur har for 2024 mål knytt til tidlegare praksis. Det er derfor no i ein overgang til ny praksis med oppdrag i 2025 noko manglade samsvar mellom vår intern rapportering og korleis årsrapporten er utforma. Fleire av måla for 2024 er utforma som driftsmål, medan ein i 2025 har laga oppdrag som handlar om nyutvikling. Her er måla Oppvekst og kultur har arbeida med i 2024.

### Oppvekst og kultur

*Barn og unge opplever å høyre til, bli verdsatt, ha like mogelegheiter og rett til medverknad*

### Slik når me måla

- Me er gode til å møte, gode til å sjå og gode til å vite. Dette har me fokus på gjennom PALS, inkluderande barnehagemiljø og tverrfagleg plan.
- Me har gode system for å ivareta retten til eit trygt og godt miljø, slik det er skildra i lovverket vårt.
- Me har overgangsplan mellom barnehage, barnetrinn og ungdomstrinn som sikrar trygge barn på vegen frå barnehage til vidaregåande skule.
- Me deltek i den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis for å sikre kompetanse til å førebygge, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.
- Me har i arbeidet med tverrfagleg førebyggjande plan vist overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene, korleis oppgåvene skal organiserast og korleis dei ulike tenestene skal samarbeide.
- Ungdomstrinnet vårt satsar på MOT som førebyggjande innsats mot mobbing, vald, rusbruk og psykiske vanskar.
- Me sikrar barn og unge medverknad gjennom barnesamtalar, elevsamtalar, elevråd og ungdomsråd.
- Me sikrar tverrfagleg samarbeid gjennom konsultasjonsteam, ressursteam og utviklingsteam på tvers av tenester innad i kommunen og i samarbeid i regionen.

### Tenesteområde helse og meistring

#### Kommentar til status økonomi

Høgt positivt premieavvik gjer at tenesteområdet endar på 2,3 millionar i mindreforbruk. Me har hatt utfordringar med ein del vakante stillingar, særleg sjukepleiekompetanse, og det er meirforbruk på overtid og ekstrahjelp for eigne tilsette med ca. 3 millionar. Eininga har brukt 8,7 millionar på vikarbyrå i 2024, i tillegg har legekantoret brukt 2,4 millionar. Mesteparten av kostnadane for vikarbyrå i pleie og omsorg blir dekt inn av midlar budsjettert til fastløn for vakante sjukepleiarstillingar og refusjonar frå sjukefråvær og svangerskapspermisjon. Meirforbruket knytt til vikarbyrå i pleie og omsorg vert dermed 2,58 millionar over budsjettert sum. Eininga har fått inn omlag 1,2 millionar mindre i refusjonar knytt til ressurskrevjande brukarar enn budsjettert m.a. grunna høgt premieavvik som gir fråtrekk i refusjon. Delar av det totale avviket på andre utgifter skuldast generell inflasjon med auka pris på forbruksvarer, matvarer og lisensar. Noko av auken i utgifter blir kompensert av auka inntekter, men gjer at me til saman har omlag 1 million i overforbruk på andre utgifter.

Utskrivingsklare døgn på sjukehus var 14 døgn i 2024, og er det lågaste talet på mange år. Me betalte totalt 80 430 kr. til spesialisthelsetenesta for utskrivingsklare.



### Økonomistatus per konto


Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	125 890	131 797	133 297	131 884
Refusjon lønn	-5 874	-3 335	-3 335	-5 690
<b>Sum Lønn</b>	<b>120 016</b>	<b>128 461</b>	<b>129 961</b>	<b>126 194</b>
Drift	23 070	12 356	21 381	25 365
Kjøp av produksjon	28 008	28 119	29 419	29 757
Overføringer	2 444	3 277	2 477	2 438
Finansutgifter	19	0	0	28
<b>Sum Utgifter</b>	<b>53 540</b>	<b>43 752</b>	<b>53 277</b>	<b>57 588</b>
Brukerbetaling	-12 132	-11 271	-11 271	-13 119
Refusjoner	-14 159	-15 612	-15 612	-15 595
Overføringer	-447	0	0	-989
Finansinntekter	-12	0	0	-31
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-26 751</b>	<b>-26 883</b>	<b>-26 883</b>	<b>-29 734</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>146 806</b>	<b>145 331</b>	<b>156 356</b>	<b>154 048</b>


### Grafar Økonomi

#### Driftsutgifter og inntekter (graf)


## Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



— Lønn — Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon  
— Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon — Overføringsutgifter — Finansutgifter



— Refusjoner — Salgsinntekter — Overføringsinntekter — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner

## Status måltabell

Hovudmål	Statusbeskriving hovudmål
<b>Aktivitet, deltaking og meistring heile livet. Tidleg og tverrfagleg innsats skal gjera det godt å leva i eigen heim</b>	<p>Organisasjonen har fått ny heimeside med fokus på tydeleg informasjon og klarspråk. Ein har gjort kontaktinformasjon lett tilgjengeleg på heimesida, og vi nyttar digitale kontaktskjema. Søknadsskjema for helse- og omsorgstenester er revidert, og ein har jobba med klarspråk i vedtaksmalar.</p> <p>Det vert jobba godt tverrfagleg både på tvers av avdelingar og tenesteområde, og ut over kommunegrensene med andre kommunar, spesialisthelsetenesta og kunnskaps- og fagmiljø. Eininga har god tilgang til tverrfagleg kompetanse. Forvaltningskontoret som gjer heimebesøk og vurderingar knytt til hjelpebehov, har vernepleiar, sjukepleiar og ergoterapeut i teamet. Forvaltningskontoret gjorde totalt 589 vedtak i 2024, dette er litt færre enn tidlegare år. I løpet av året er ingen klager på pleie- og omsorgstenester behandla hjå Statsforvaltaren.</p> <p>Ein har delteke i prosjekt saman med spesialisthelsetenesta med mål om betre og meir samanhengande pasientforløp, og ein har delteke i prosjekt og samarbeid med andre kommunar rundt Friskliv og meistringstilbod og ernæringsfysiolog. Det er gjort avtale med Voss herad om kommunepsykolog, noko som vil gi kommunen tilgang til psykologar med kompetanse både innanfor barn/unge og vaksne/eldre.</p> <p>Eininga har fleire tilbod på dei nedste stega i innsatstrappa. Psykisk helse og rustenesta tilbyr lågterskel dagsenter kvar onsdag, og har i tillegg spinningssgruppe og mediyoga. Fysioterapeutane organiserer treningsgrupper, både i styrkerommet i Turbinen og i bassenget. Forvaltningskontoret har tilbod om tverrfagleg førebyggjande heimebesøk til eldre over 75 år, og demensteamet tilbyr heimebesøk og oppfølging til personar med demens, også i tidleg fase av sjukdomen.</p> <p>Det har vore liten kapasitet til å delta på innovasjons- og forskingsprosjekt, men fysioterapitenesta har vore koordinator for to prosjekt. Det eine, "Fall-prevent", har hatt fokus på førebygging av fall, og det andre har som føremål å evaluera om applikasjonen "Pust deg betre" kan fremja og styrka eigenbehandling hjå personar med KOLS.</p> <p>Legkontoret melder om god erfaring med ordninga med gratis helsehjelp for ungdom. Det kan vera lågare terskel for å gå til lege når ein slepp å betala, og alle har råd til å gå til lege for å få legeerklæring til skulen ved fråvær.</p> <p>Det er ca. ei veker ventetid for å få ordinær legetime, og øyeblikkeleg hjelp vert dekkja dagleg med avsett tid. Legevakt utanom kontortid ligg til Voss interkommunale legevakt.</p> <p>Psykososialt kriseteam har hatt 3 saker i tillegg til eit par situasjonar der dei har vore i beredskap p.g.a. hendingar i nabokommunar.</p>
<b>Best saman. Gjennom samskaping og innovasjonskultur utvikla meir heilskapleg innsatstrapp.</b>	<p>Kommunale råd (Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne) og Brukarutvalet er aktive og har hatt fleire møte gjennom året. Det har vore gjennomført pårørandemøte på sjukeheimsavdelingane. Jamnetunet bu- og behandlingssenter v/ Ressurscenter for personar med demens har god erfaring med bruk av velferdsteknologi og moderne pasientvarslingsanlegg. Denne erfaringa vart vidareformidla då avdelinga frå Dale flytta inn i nybygget på Jamne.</p> <p>Ved samlokalisering av institusjonsplassane medverka fleire pårørande før, under og etter flyttinga for å sikra at flytteprosessen vart best mogleg for pasientane.</p>

## Årsmelding 2024

### Hovudmål

### Statusbeskriving hovudmål

Eininga jobbar med fokus på "Kva er viktig for deg?", og ein har hatt evalueringsskjema på korttidsavdelinga som pasientar og pårørande har svara på.

Mot slutten av året vart ei gruppeleiarstilling på institusjon omgjort til stilling som fagutviklingssjukepleiar i 60 %, kombinert med 40 % i turnus. Ressursjukepleiar på kreftomsorg har fått avsett tid (40 %) til rolla som kreftkoordinator, 30 % er dekkja av flyktingemidlar.

2 tilsette i avdeling Tverrfagleg helse har teke utdanning i barn som pårørande. Oppvekstrettleiar starta i nyoppretta stilling i august med mål om å styrka det tverrfaglege arbeidet rundt barn og unge, koordinera tenestetilbod og gi rettleiing til tilsette og føresette på individ- og gruppenivå.

I 2024 var det 29 fødsjar, og pr. no er årskullet på 27 barn. Det vart utført 28 heimebesøkskonsultasjonar frå helsestasjon/jordmor.

### Framtidsretta tenester. Fokus på tenester i eigen heim før institusjonsplass og smartare helsetenester med bruk av digitalisering og teknologi skal sikra berekraftig økonomi og framtidsretta tenester

Det skjer svært mykje på digitaliserings- og teknologifronten, og det skjer i eit svært høgt tempo, særleg innanfor helsesektoren. Det er utfordrande for ein kommune av Vaksdal sin storleik å hengja med i dette og sikra at ein får ta del i og nytta dei moglegheitene digitalisering og teknologi kan gi, særleg i heimebaserte tenester. Utfordringane rundt dette har auka for tenesteområdet i løpet av siste året, og ein har løyst det ved å låna/gjera byteordning om ressursar med andre kommunar. Dette er ikkje haldbart på sikt, og stillinga som systemansvarleg som vart lagt ned for nokre år sidan, vert gjenoppretta.

I november 2024 vart det nye helsebygget Jamnetunet Bu- og behandlingssenter teke i bruk. Bygget vil bidra til betre utbygt innsats- og bustadtrapp med sine 18 omsorg pluss/heildøgns omsorgsplassar, 5 omsorgsbustadar og inne- og utandørsareal som legg opp til trivsel og deltaking for bebuarane. Bygget er godt tilrettelagt med moglegheit for takheis på romma, og med installerte takheisar på 5 rom, ulike typar velferdsteknologi og flotte fellesområder. Vinterhagen på nesten 900 kvadratmeter har vore godt brukt, blant anna til konserter, dans og vaffelsteiking. Fysioterapeuten er tilstades minst 2 dagar i veka og har eige treningsrom ved bugruppa. Dagsentertilbodet har flytta inn i nytt, moderne og framtidsretta lokale i nybygget på Vaksdal. Lokala oppfyller alle krav som slike bygg skal ha i tråd med dagens standard. I lokala er det betre tilrettelagt for brukarstyrt aktivitet og kvardagsrehabilitering då det blant anna er seksjon med hev/senk på kjøkenet.

Det er svært gode erfaringar med det moderne pasientvarslingsanlegget på sjukeheimen på Vaksdal. Det er meir ro i avdelinga, pasientane søv betre, og det er mindre bruk av medikament. Denne typen pasientvarslingsanlegg er også installert i nybygget.

### Kvalitet. Satsing på heiltidskultur og kompetanse, behovskartlegging og koordinerte tenester skal sikra kvalitet i tenestetilbod

Eininga har dei siste åra nytta årsturnus som gir moglegheit for tilsette til å få auka stillingsstorleik. Ein forhandlar årleg ny årsturnus saman med tillitsvalde, og det vert årleg utarbeida ein kompetanseplan for eininga saman med tillitsvalde.

Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning og deltidsutdanning til sjukepleiar og vernepleiar. I tillegg nyttar ein kortare kurs samt nettverk og ABC-løp til kompetanseheving.

På Jamnetunet bu- og behandlingssenter er fagutviklingssjukepleiar ein felles ressurs for alle dei tilsette i avdelingane på Jamnetunet.

### Hovudmål

### Statusbeskriving hovudmål

---

Fagutviklingssjukepleiaren skal blant anna ha overordna ansvar for kompetanseheving i form av å planleggja eller koordinera undervisning og kursing av dei tilsette. Vidare skal vedkomande vera pådrivar i kvalitet og internkontrollarbeid, eksempelvis ved å halda rutinar og fagprosedyrer oppdaterte samt vera ressursperson på fagsystem. Fagutviklingssjukepleiar har også ansvar for oppfølging av studentar og for å vera bindeledd mellom praksis og studiestad. Det er starta felles internundervisning annakvar onsdag, og det er oppretta eit årshjul for kompetanseheving. Fagutviklingssjukepleiaren bidreg til eit godt samarbeid på tvers av avdelingane internt, men og eksternt med aktuelle samarbeidspartar. Attendemeldingane er utelukkande positive, og engasjementet til denne ressurspersonen smittar over på andre tilsette.

Mot slutten av året vart ei vernepleiarstilling i Elvavegen, Bueining for menneske med nedsett funksjonsevne, omgjort til vernepleiarstilling med fagansvar i 40 %, kombinert med 60 % i turnus, inkludert helgearbeid. Også her er tilbakemeldingane og erfaringane positive.

Det var 34 søkjarar til Ung i helse sommaren 2024, og 14 vart tilsette og arbeida 3 veker kvar. Ein har gode attendemeldingar på ordninga, både frå dei unge, frå tilsette, pårørande og tenestemottakarane. Tiltaket har og verka rekrutterande då fleire av dei unge har valt å ta utdanningsløp innan helse etter denne erfaringa. Fleire av ungdomane har og vorte tilsette i eininga som helge- eller ferievikarar.

---

**Vaksdal er ein  
attraktiv  
kommune for alle  
innbyggjarar heile  
livet**

---

**Vaksdal  
kommune skal  
legge til rette for  
medverknad,  
samskaping og  
dialog med  
innbyggjarane**

## Tenesteområde digitalisering, innovasjon og samfunn

### Kommentar til status økonomi

I tabellen er rekneskapet for tenesteområdet vist med sjølvkost og premieavvik. Premieavvik utgjer 1,1 mill av mindreforbruket og sjølvkostområdet påverker positivt resultatet i eininga med om lag 5,2 mill.

Samfunn har meirforbruk innan kommunaltekniske tenester, særleg gjeld det kommunale vegar. Det skuldast både skadar på veg og brøyting. Tilleggsøyving til veg i budsjettåret kom godt med. Tenesteområdet har dekkja inn avvik gjennom mellombelse vakansar og fråversrefusjonar, i tillegg forskyvingar i aktivitet. Inntekter frå avgifter og gebyr innan forvaltningsområda enda over budsjettert og har medverka til resultatet.

## Årsmelding 2024

Kommunal planlegging og aktivitet, saman med fleire prosjekt i statleg og lokal regi, har gitt aukande aktivitet i kommunen dei siste åra. Fellesprosjektet Arna-Stanghelle (FAS) er i oppstart og vil påverke arbeidet i tenesteområdet framover.

### Oppsummering tiltak

Tenesteområdet har eit underskot for året når sjølvkost og premieavvik er trekt frå.


### Økonomistatus per konto

Beløp i 1000



	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Lønn	36 869	42 744	42 744	40 710
Refusjon lønn	-1 022	0	0	-894
<b>Sum Lønn</b>	<b>35 847</b>	<b>42 744</b>	<b>42 744</b>	<b>39 816</b>
Drift	35 350	26 702	29 902	40 731
Kjøp av produksjon	10 061	9 555	9 555	7 995
Overføringer	14 625	10 315	10 315	16 305
Finansutgifter	-596	150	150	2 744
<b>Sum Utgifter</b>	<b>59 440</b>	<b>46 722</b>	<b>49 922</b>	<b>67 774</b>
Brukerbetaling	-24 099	-17 579	-17 579	-27 475
Refusjoner	-8 263	-4 274	-4 274	-10 768
Overføringer	-253	-365	-365	-958
Finansinntekter	-10 418	-3 758	-3 758	-6 035
<b>Sum inntekter</b>	<b>-43 032</b>	<b>-25 975</b>	<b>-25 975</b>	<b>-45 236</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>52 255</b>	<b>63 491</b>	<b>66 691</b>	<b>62 354</b>

### Grafar Økonomi

#### Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



## Status måltabell

Hovudmål	Statusbeskriving hovudmål
<b>Vaksdal er ein attraktiv kommune for alle innbyggjarar heile livet</b>	<p><b>Vaksdal skal vere ein god kommune å bu.</b></p> <p><i>Vi skal legge til rette for aldersvenlege samfunn i areal- og reguleringsplaner og ved utvikling av kommunal infrastruktur, bygg og anlegg.</i></p> <p>I områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle er det regulert bustadområde med leilegheiter i sentrumsområda nær kollektivtransport, butikkar og andre tenester, samt gangveggar og grøntområde tilpassa alle. I sentrumsplanen for Dale vert dette vurdert i planarbeidet. Det er vedtatt å bygge lettstelte leilegheiter i deler av Helsehuset på Dale.</p> <p><b>Vaksdal skal styrke sentrumsutviklinga og legge til rette for bustadutvikling.</b></p> <p><i>Vi skal legge til rette for bustadareal for variert bustadsamansetting i areal- og reguleringsplanar, utvikle områdeplanar for stasjonsbyane som skal gje rom for fortetting og kombinerte arealformål som styrkar sentrumsfunksjonar og bruk av bane og utarbeide sentrumsplan for Dale som kommunesenter.</i></p> <p>Kommunale arealplaner legg til rette for variert bustadsamansetting med leilegheiter, småhus og einebustader. I sentrumsområda er det regulert fortetting av bustad- og næringsformål som handel og gode sentrumsfunksjonar i nærleik til kollektivtransport. Sentrumsplan for Dale er under arbeid.</p> <p><b>Det skal vere trygt, effektivt og miljøvenleg å ferdast på veg, bane og som mjuk trafikant.</b></p> <p><i>Vi skal gjennomføre tiltak i samsvar med plan for fysiske trafikkisikringstiltak for å redusere risiko og sikre gangveggar for mjuke trafikantar. Vi skal utvikle områdeplanar og sentrumsplan som skal gje rom for fortetting og kombinerte arealformål som styrkar sentrumsfunksjonar og bruk av bane</i></p> <p>Plan for fysiske trafikkisikringstiltak rullert i 2024. Ordinære tiltak er gjennomført i 2024 i samsvar med plan, mellom anna fartsreducerande tiltak for Stavenesvegen, vegljøs på Stamnesvegen og Straume og andre mindre tiltak. Større tiltak som snuplassar og anna vil ta lenger tid. Desse er ikkje finansiert og vert lagt fram til behandling når grunnlaget er klart. Arbeidet med snuplass på Kallestad er planlagt, men kommunen må kjøpe areal frå grunneigarar. Det er dialog med grunneigar om kjøp.</p> <p>Areal til gangveggar nær bane er tatt inn i områdeplanane.</p>
<b>Vaksdal tar vare på natur og miljø, arbeider systematisk med å redusere klimagassutslepp og førebygg dei negative konsekvensane av klimaendringar</b>	<p><b>Vaksdal skal redusere klimagassutsleppa og bli eit klimavenleg samfunn.</b></p> <p><i>Vi skal legge vekt på utsleppsreducerande tiltak i samfunnsplanlegginga gjennom fortetting og utsleppsfri transport. Vi skal legge vekt på utsleppsreducerande tiltak i eiga verksemd både i drift og ved nye investeringar</i></p> <p>Areal til bustader og sentrumsfunksjonar i gangavstand til bane er tatt inn i områdeplanane. Frå 2024 gjeld nye miljøkrav alle innkjøp og investeringar. Nye kommunale kjøretøy skal som hovudregel vere utslippsfrie og varebilar innkjøpt i 2023/2024 er utslippsfrie.</p> <p><b>Vaksdal skal styrke evna til å tole klimaendringane.</b></p> <p><i>Vi skal arbeide med klimatilpassing og reduksjon av klimarisiko i arealforvaltning og samfunnsutvikling. Vi skal arbeide med klimatilpassing og reduksjon av klimarisiko gjennom auka satsing på overvannshandtering og sikring av kritisk</i></p>

### Hovudmål      Statusbeskriving hovudmål

---

*infrastruktur.* Kommunen har auka satsinga på klimatilpassing og reduksjon av klimarisiko gjennom førebygging som rassikring, betre handtering av overvatn, utbetring av kritisk infrastruktur og styrka beredskap. Kartlegge og vurdere risiko ved arealbruk.

I planar, utvikling og drift arbeider vi med å redusere klimarisiko og konsekvensar av klimaendringar. Kommunen er utsett for ras og flaum og har hatt fleire hendingar også i 2024. Det er gjennomført ulike tiltak som kartleggingar, sikring og utbetringar for å redusere farenivå og førebygge nye hendingar. Investeringar innfor VA og overvannshandtering er planlagt i ny temaplan og budsjettet i økonomiplanen. Nye krav til planlegging, arealbruk og utbyggingar er lagt til grunn i kommunal saksbehandling.

#### **Vaksdal skal legge til rette for naturmangfald, rein luft , rein jord og reine vassdrag.**

*Vi skal avgrense inngrep og nedbygging av natur i kommunen og legge vekt på ombruk av matjord som vert råka av utbyggingar. Vi skal ta vare på og bruke grøne og blå strukturar.*


Naturavtalen og handlingsplan for naturmangfald (St.35) har ført til auka fokus i kommunal forvaltning til dømes ved behandling av plan- og byggesaker. Matjord er ein avgrensa ressurs og kommunen arbeider aktivt m.a med ombruk av matjord i samband med utbyggingar i kommunen. Ivaretaking av grøne og blå strukturar i reguleringsplanar. Kommunen har utarbeida ein temaplan for VA og vassmiljø som skal følgjast opp framover.

Områdereguleringa for tettstadane Vaksdal og Stanghelle har fylgt prosessane med statleg reguleringsplan og K5-prosjektet . Områdeplanane skal legge til rette for utvikling av sentrumsområde, bustad og næringsområde etter veg og baneutbygginga. Baneformål og sentrumsareal har vore krevande tema i planarbeidet. Skjeringspunkta mellom statleg reguleringsplan for veg og bane og kommunen sine mål for utvikling etter utbygginga har tatt tid å lande. Fleire rundar med dialogmøter er gjennomført. Planane vart ikkje klare for endeleg behandling i 2024, men det er god framdrift på viktige tema.

## Sentraltøkonomi

### Kommentar til status økonomi

Vaksdal har inntekter knytt til vasskraftressursar. Kommunen har konsesjonskraft som delvis vert nytta til eige bruk, og delvis vert omsett i marknaden. Varierende kraftprisar har medført at dei kraftrelaterte inntektene til kommunen har svinga dei seinare åra. Konsesjonskrafta for 2024 vart seld på årskontrakt på kraftbørsen hausten 2023 og denne vart selt til ein høg pris samanlikna mot "normalåra". Totalt var nettoinntekta får dette 0,4 mill høgare enn budsjettet, med ei inntekt på 36,8 mill mot 182,8 mill i 2023. Snitt i åra 2018-2022 er 12,7 mill, Inntektene svingar frå år til år og kommunestyret har vedtatt ein handlingsregel for korleis gevinsten skal nyttast utanom løpande drift



### Økonomistatus per konto


Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024
Drift	10 507	10 000	10 000	11 071
Overføringer	20	0	0	423
<b>Sum Utgifter</b>	<b>10 527</b>	<b>10 000</b>	<b>10 000</b>	<b>11 494</b>
Refusjoner	-20	0	0	-423
Overføringer	-193 069	-46 400	-46 400	-46 454
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-193 089</b>	<b>-46 400</b>	<b>-46 400</b>	<b>-46 877</b>
<b>Netto resultat</b>	<b>-182 562</b>	<b>-36 400</b>	<b>-36 400</b>	<b>-35 383</b>

### Grafar Økonomi


#### Driftsutgifter og inntekter (graf)

## Årsmelding 2024




Detaljvisning drift (graf)

### Driftsutgifter



— Finansutgifter — Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon — Overføringsutgifter

### Driftsinntekter



— Overføringsinntekter — Finansinntekter og finansieringstransaksjoner — Refusjoner

## Årsrekneskap

### Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Rammetilskot	-188 191	-197 613	-186 201	-197 613	-11 412
Inntekt- og formuesskatt	-104 860	-123 105	-116 095	-128 105	-12 010
Eigedomsskatt	-43 475	-43 700	-43 623	-43 700	-77
Andre generelle driftsinntekter	-22 641	-6 000	-25 147	-6 000	19 147
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-359 167</b>	<b>-370 418</b>	<b>-371 066</b>	<b>-375 418</b>	<b>-4 352</b>
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>163 544</b>	<b>309 767</b>	<b>325 739</b>	<b>324 212</b>	<b>-1 528</b>
Avskrivningar	37 377	43 770	41 518	43 770	2 252
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>200 922</b>	<b>353 537</b>	<b>367 257</b>	<b>367 982</b>	<b>725</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-158 245</b>	<b>-16 881</b>	<b>-3 808</b>	<b>-7 436</b>	<b>-3 628</b>
Renteinntekter	-7 720	-3 750	-10 977	-5 050	5 927
Utbytte	-7 826	-3 500	-4 971	-5 200	-229
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-8 507	0	-9 021	-4 000	5 021
Renteutgifter	23 068	25 400	24 585	26 400	1 815
Avdrag på lån	36 485	32 700	32 799	32 700	-99
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>35 501</b>	<b>50 850</b>	<b>32 415</b>	<b>44 850</b>	<b>12 435</b>
Motpost avskrivningar	-37 377	-43 770	-41 518	-43 770	-2 252
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-160 122</b>	<b>-9 801</b>	<b>-12 911</b>	<b>-6 356</b>	<b>6 554</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering	89 044	20 507	16 533	58 566	42 033
Avsetningar til bundne driftsfond	5 163	6 040	11 093	6 040	-5 053
Bruk av bundne driftsfond	-10 236	-1 765	-4 194	-1 765	2 429
Avsetningar til disposisjonsfond	131 498	10 253	10 253	10 253	0
Bruk av disposisjonsfond	-55 347	-25 234	-20 775	-66 738	-45 963
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>160 122</b>	<b>9 801</b>	<b>12 911</b>	<b>6 356</b>	<b>-6 554</b>
<b>Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Fellessområde økonomi	30 487	16 013	28 897	16 133	-12 764
Tenestekområde oppvekst og kultur	105 894	112 812	106 907	112 912	6 005
Tenestekområde helse og meistring	146 806	145 331	154 048	156 356	2 308
Tenestekområde digitalisering, innovasjon og samfunn	52 255	63 491	62 354	66 691	4 337
Sentraltøkonomi	-182 562	-36 400	-35 383	-36 400	-1 017
<b>Sum løyvingar drift, netto</b>	<b>152 880</b>	<b>301 247</b>	<b>316 823</b>	<b>315 692</b>	<b>-1 131</b>
Av dette:					
Netto renteutgifter og -inntekter	-16	0	-502	0	502

## Årsmelding 2024

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Avsetninger til bundne driftsfond	1 340	150	3 008	150	-2 858
Bruk av bundne driftsfond	-10 219	-1 450	-4 194	-1 450	2 744
Avsetninger til disposisjonsfond	8 753	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-10 522	-7 220	-7 228	-7 220	8
<b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>	<b>163 544</b>	<b>309 767</b>	<b>325 739</b>	<b>324 212</b>	<b>-1 528</b>

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	116 744	71 020	39 406	108 329	68 923
Tilskot til andre sine investeringar	1 665	200	1 224	950	-274
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 119	0	1 187	0	-1 187
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>119 527</b>	<b>71 220</b>	<b>41 816</b>	<b>109 279</b>	<b>67 463</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-22 704	-11 804	-6 940	-11 804	-4 864
Tilskot frå andre	-81	0	-16 041	0	16 041
Sal av varige driftsmiddel	-4 125	0	-3 204	0	3 204
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-41 215	-38 909	0	-38 909	-38 909
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-68 126</b>	<b>-50 713</b>	<b>-26 186</b>	<b>-50 713</b>	<b>-24 527</b>
Vidareutlån	5 975	6 000	1 747	12 000	10 253
Bruk av lån til vidareutlån	0	-6 000	-7 152	-12 000	-4 848
Avdrag på lån til vidareutlån	3 833	1 400	1 014	1 400	386
Mottatte avdrag på vidareutlån	-4 404	-1 400	-1 699	-1 400	299
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>5 404</b>	<b>0</b>	<b>-6 089</b>	<b>0</b>	<b>6 089</b>
Overføring frå drift	-89 044	-20 507	-16 533	-58 566	-42 033
Avsettingar til bundne investeringsfond	0	0	685	0	-685
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-1 484	0	-1 187	0	1 187
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	41 215	0	7 494	0	-7 494
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-49 313</b>	<b>-20 507</b>	<b>-9 542</b>	<b>-58 566</b>	<b>-49 025</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>	<b>7 493</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Fellesområde økonomi	127	1 200	0	28 509	28 509
Tenesteområde helse og meistring	0	3 270	0	3 270	3 270
Tenesteområde digitalisering, innovasjon og samfunn	116 617	66 550	39 406	76 550	37 144
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>116 744</b>	<b>71 020</b>	<b>39 406</b>	<b>108 329</b>	<b>68 923</b>

### 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
INVESTERING KYRKJER - ÅRLEG LØYVING	1 200	200	200	200	0
VAKSDAL SKULE	12	0	0	0	0
TETTANESSET T1	426	0	0	0	0
NÆRMILJØANLEGG	0	0	250	0	-250
Vassverk Stamnes (Parisen)	0	0	24	0	-24
NYANLEGG KREKANE VAKSDAL IDRETTSPARK	10	0	0	0	0
KOMMUNESTYREVEDTAK	0	0	750	750	0
HUSBANKLÅN	17	0	0	0	0
<b>Tilskot til andre sine investeringar</b>	<b>1 665</b>	<b>200</b>	<b>1 224</b>	<b>950</b>	<b>-274</b>

### 3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
DISP AV KOMMUNESTYRE/FPØ-UTVALET	1 119	0	1 187	0	-1 187
<b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>	<b>1 119</b>	<b>0</b>	<b>1 187</b>	<b>0</b>	<b>-1 187</b>

### 4. Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
<b>Utlån av egne middel</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum del 1-4</b>	<b>119 527</b>	<b>71 220</b>	<b>41 816</b>	<b>109 279</b>	<b>67 463</b>

Årsmelding 2024

Balanse

BALANSE	Regnskap 2024	Regnskap 2023
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>1.809.731.708,51</b>	<b>1.758.538.537,52</b>
I. Varige driftsmidler	1.043.933.133,33	1.049.274.062,08
1. Faste eiendommer og anlegg	978.232.010,21	981.931.989,76
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	65.701.123,12	67.342.072,32
II. Finansielle anleggsmidler	63.629.682,18	62.406.191,44
1. Aksjer og andeler	37.678.048,00	36.491.413,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	25.951.634,18	25.914.778,44
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	702.168.893,00	646.858.284,00
<b>B. Omløpsmidler</b>	<b>506.325.249,59</b>	<b>490.430.867,77</b>
I. Bankinnskudd og kontanter	277.424.597,62	250.321.112,90
II. Finansielle omløpsmidler	117.562.428,00	112.477.501,00
1. Aksjer og andeler	23.901.528,00	22.210.701,00
2. Obligasjoner	93.660.900,00	90.266.800,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	111.338.223,97	127.632.253,87
1. Kundefordringer	11.764.239,28	5.369.829,17
2. Andre kortsiktige fordringer	19.370.157,16	51.019.737,41
3. Premieavvik	80.203.827,53	71.242.687,29
Sum eiendeler	2.316.056.958,10	2.248.969.405,29
